

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 5. juni 2025
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, formannskapssalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Kommunedirektøren er invitert

SAKLISTE:

11/25 Godkjenning av protokoll frå møtet 08.05.25

12/25 Orientering om oppvekst - frå kommunalsjefen

13/25 Oppfølging av revisjonsrapport – «Førebygging og tidleg innsats»

14/25 Tinging av nytt revisjonsprosjekt - «Næringsutvikling»

15/25 Referat- og orienteringssaker

Ymse

Aksdal, 28.05.25

Otto Underbakke
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Kommunedirektør	(er invitert)
Varamedlem	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.06.25	11/25
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 08.05.25

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 08.05.25 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå møtet 08.05.25

Saksorientering:

Vedlagt følger utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.05.25 til godkjenning.

Protokollen er lese gjennom og førebels godkjent av leiar i etterkant av møtet og er sendt øve til kommunen til orientering. Det er ikkje komet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen frå førre møte godkjennast formelt i dette møtet og utvalsleiar eller møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 28.05.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **8. mai 2025** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalet sin leiar Otto Underbakke.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 10.00 – 11.50
MØTANDE MEDLEMMER:	Otto Underbakke (H), Astrid Brommeland (Sp), Ivar Andre Naustvik (Krf) og Michael Willig (SV)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Annfrid Halsne (Sp)
FORFALL:	Ragnhild Sukka (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgevar Sjur Hatlen - Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Stats. aut. revisor Tore Kristensen
FRA ADMINISTRASJONEN:	Kommunalsjef økonomi og organisasjon Turid Vaage og leiar av kommunekassen Arnfinn Gundersen til og med sak 8
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 05/25 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 13.02.25

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 13.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.05.25:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.05.25:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 13.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 06/25 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN OM ØKONOMI OG ORGANISASJON

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunalsjef Turid Våge om økonomi og organisasjon til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.05.25:

Kommunalsjefen viste en presentasjon og orienterte om økonomi og organisasjon. Eininga bidreg til strategisk utvikling av heile organisasjonen Suldal kommune. Ho orienterte mellom anna om arbeidet med leiarstøtte, gjere Suldal til en attraktiv arbeidsplass, digital transformasjon. Satsingane framover er arbeide med strategisk rekruttering, forbetningsarbeid etter LEAN metodikk, forprosjekt co-pilot, Digi-forum, lokaldemokratiprojekt, fokus på digital utvikling og utgreie framtidige IKT-løysingar.

Utfordringane framover blir mellom anna å skaffe nok personar med rett kompetanse samtidig som ein har overtalige tilsette. Korleis skal ein møte utviklinga med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder, at utgiftene veks meir enn inntektene. Det blir kontinuerleg fokusert å sikre høg kvalitet på arbeidet og god balanse mellom drift og utvikling.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna: kva samarbeid har kommunen innan IKT. Her har kommunen eit samarbeid med tre andre kommunar som heiter RITS. Ein ser nå at desse kommunane ikkje klarar å drive utviklinga framover. RITS har bestilt ei utgreiing om kva som trengs for å møte framtida for store og mindre kommunar.

Leiar takk for ei god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.05.25:

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunalsjef Turid Våge om økonomi og organisasjon til orientering.

SAK 07/25 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Suldal kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

Handsaming i kontrollutvalet 08.05.25:

Kommunalsjef for økonomi og organisasjon, Turid Våge, presenterte nøkkeltal frå årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024. Kommunen hadde eit netto driftsresultat på 138 mill. kroner, tilsvarende 16,7 % av driftsinntektene. Utgiftene aukar meir enn inntektene. Våge peika på auka sjukefråvær til 7,17 %, særleg innan helse og omsorg. Folketalet har auka grunna ukrainsk innvandring. Det vart fødd 36 barn i 2024, og kommunen opplever ei demografisk dreining mot fleire eldre og færre barn. Noko som flyttar ressursbehov frå oppvekst til pleie og omsorg. Samtidig er det mangel på arbeidskraft, trass overtalige, grunna kompetansekrav. Framtidige utfordringar er digitalisering og berekraft.

Einingsleiar for kommunekassen, Arnfinn Gundersen, viste utvikling i driftsresultat og varsla nedgang i inntekter framover, grunna lågare pris på konsesjonskraft og redusert brukarbetaling. Dei fleste rammeområda går i pluss, med unntak av kultur. Lønskostnadene aukar, medan andre utgifter går ned. Kommunen har netto renteinntekter, god avkastning og solid balanse, med god likviditet. Låneopptak og fond reduserast grunna investeringar.

Revisor Tore Kristensen orienterte om revisjonen og årsrekneskapen. Han kommenterte auka skatte- og rammetilskot, lågare lønskostnader og finansinntekter. Regnskapet er i balanse og i tråd med regelverket. To av sju rammeområder hadde meirforbruk, og enkelte budsjettavvik burde vore korrigert. Revisor vurderte internkontrollen som god, med få vesentlege avvik. Sjølkostområda hadde underskott på 15,2 mill. kroner. Revisjonsberetninga konkluderte positivt.

Medlemmene fekk svar på spørsmål frå kommunalsjef og revisor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.05.25 og innstilling:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 slik den ligg føre.

Suldal kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

SAK 08/25 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 og revisor si gjennomgang til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.05.25:

Leiar gav ordet til revisor som gjekk gjennom kva forenkla etterlevingskontroll er og kva revisor skal ettersjå. Han gjekk gjennom kva område som var utplukka, som var innhenting av politiattestar. Av 11 kontrollerte så var det to avvik, konklusjonen er positiv.

Arnfinn Gundersen informerte litt om endring i rutinane i kommunen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.05.25:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 og revisor si gjennomgang til orientering.

SAK 09/25 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om til neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 08.05.25:

Leiar orienterte om at kommunen er i gang med å vurdere intern utnytting av kompetanse, og at det derfor kan vere overlappende dersom utvalet også tek opp dette no. Han foreslo i staden å prioritere prosjektet «Næringsutvikling».

Revisor presenterte vurderingane av risiko og vesentlegheit knytt til næringsutvikling. Leiaren understreka at ein revisjonsrapport på dette området kan vere verdifull for kommunen.

Eit medlem påpeikte at næringsutvikling også omfattar klimautslepp, og foreslo å inkludere klima- og miljøaspekt i prosjektet. Revisor støtta dette, og nemnde at det er mogleg å vurdere korleis kommunens planar for næringsutvikling tek omsyn til klima og miljø.

Utvalet drøfta aktuelle prosjekt og vedtok å starte revisjonsprosjektet om «*Næringsutvikling*». Revisor fekk med dette innspel om kva utvalet ønskjer fokus på i det vidare arbeidet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.05.25:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Næringsutvikling» til neste møte.

SAK 10/25 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 06. Statusrapport pr. mai 2025
- 07. Representantskapsmøte 28.04.25 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
- 08. Representantskapsmøte 23.04.25 – Haugaland Vekst IKS
- 09. Generalforsamling 25.04.25 – Haugaland Kraft AS

Handsaming i kontrollutvalet 08.05.25:

Sekretær gjekk gjennom referatsakene.

I neste møte er det sett opp ei orientering om oppvekst. Leiar ønskte i den forbindelse informasjon om «korleis eininga opplever å få gjennomført forvaltningsrevisjon» og korleis plattformen som nyttas i kommunikasjonen mellom heim og skule fungera.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.05.25:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 6 – 9 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei tatt opp.

Neste møte: torsdag 05.06.25 – kl. 10.00

Foreløpige saker: oppfølging av revisjonsrapport «Førebygging og tidleg innsats», orientering om oppvekst og tinging av nytt revisjonsprosjekt.

Suldal/Sand, 08.05.25

Otto Underbakke
Leiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.06.25	12/25
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	216	

ORIENTERING OM OPPVEKST FRÅ KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunalsjef for oppvekst til orientering.

Saksorientering

Suldal kontrollutval vedtok i møtet 15.02.24 ein plan for orienteringar om resultateiningane i kommunen. Vedtaket var :

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

25.04.24	økonomi og organisasjon v/kommunalsjef Torbjørn Guggedal
13.06.24	
26.09.24	administrasjonen v/kommunedirektør
21.11.24	helse og velferd v/kommunalsjef Grethe Jæger Anglevik

05.06.25 (13.02.25) oppvekst v/kommunalsjef

08.05.25	økonomi v/einingsleiar Arnfinn Gundersen
05.06.25	personal- og organisasjonssjef
18.09.25	IKT-avdelinga
13.11.25	

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane administrasjonen står overfor. Sekretariatet har sendt planen/invitasjonen til kommunedirektøren.

Planen over orienteringar er skjøve på og 13.02.25 var det orientering om helse og velferd. Det er planlagt ei orientering om oppvekst nå den 5. juni.

Aksdal, 28.05.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.06.25	13/25
Kommunestyret		
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	216	

OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren sin tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.

Vedlegg: kommunedirektøren sin tilbakemelding, dagsett 28.05.25

Bakgrunn

Suldal kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 19.06.24 følgjande:

1. Suldal kommunestyre tek den framlagde forvaltningsrevisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.
2. Rapporten vert sendt øve til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine fem tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Formålet med prosjektet var å undersøke om Suldal kommune hadde eit tilfredsstillande system for styring av investeringsprosjekt, og å bidra med læring for framtidige prosjekt.

Revisjonen hadde følgjande tilrådingar

1. Sikre at opplæring, bruk av rutiner/verktøy og deltakelse i drøftingar i større grad er tilgjengelig for alle ansatte – også de som jobber deltid.
2. Både i barnehage og skole, tilrettelegge for øving på den den vanskelige barnesamtalen, samt sikre at gode verktøy/rutiner benyttes.
3. Sikre at skolene i større grad jobber systematisk med oppfølging og evaluering av tiltak.
4. Vurderer hvorvidt det skal utarbeides samarbeidsavtaler mellom skole/barnehage og viktige støtteinstanser.

5. *Sikre at rutiner for samarbeid blir tatt i bruk – i det vurdere revitalisering av BTI-modellen.*

Oppfølging/tilbakemelding

Kommunedirektøren har i tilbakemeldinga som er vedlagt saka gjort greie for oppfølging av rapporten og korleis tilrådingane har blitt følgt opp. Tilbakemeldinga tar punktvis for seg kvar av dei fem tilrådingane og det er gjeve kommentarar og omtalt kva som er blitt forbetra.

Sekretariatet har valt ikkje ta inn kommunedirektøren sine kommentarar/tilbakemelding inn i saksframlegget, så desse må lesast i vedlegget.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner kommunedirektøren har gjeve ei grei tilbakemelding på korleis revisjonen sine tilrådingar har blitt følgt opp.

Aksdal, 28.05.25

Sjur Hatlen
Rådgjever/utvalssekretær



Kommunedirektøren

Suldal kommune

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Dato: 28.05.2025

Arkivkode:

Dykkar ref.

Vår ref.

25/760-2

25/9496

Svein Carlos Nilsen

Gjil

OPPFØLGING AV RAPPORTEN "FOREBYGGING OG TIDLIG INNSATS"

Svar på oppfølging av revisjon.

Vi anbefaler kommunen å:

- Sikre at opplæring, bruk av rutiner/verktøy og deltakelse i drøftinger i større grad er tilgjengelig for alle ansatte – også de som jobber deltid.

Kva blir gjort?

Alle tilsette vert invitert med på personalmøter/fagmøter i barnehage

Informasjon til alle via vekepost/vekenytt.

Organisera avdelingsmøte slik at alle får delta. Om ikkje kvar veke, så annakvar veke.

Leiarar kjenna til SFS 2213 (har hatt opplæring) for å sjå moglegheitsrommet for samarbeid og opplæring i bruk av rutiner verktøy.



| Eidsvegen 7, 4230 SAND
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no
| www.suldal.kommune.no

- Tilrettelegge for øving på den den vanskelige barnesamtalen, samt sikre at gode verktøy/rutiner benyttes.

Kva blir gjort?

Ny BTI-rigg frå hausten 2025 trekk samhandlingsarbeidet meir ut på einigane med 4 obligatoriske møter i BTI-team på pr. år. Dette kan gi større eigarskap lokalt og sikre at opplæring/bruk av rutiner/verktøy og deltakelse i drøftingar i større grad vert tilgjengeleg for alle tilsette.

Vurdera på einingar oppfriskningskurs i korleis praktisk nytta Stafettloggen samt korleis ein innhentar samtykke til å samhandla og oppretta logg

Kurs i KS-læring og i Visma veiledern.

Einingar kjenner til og bruker ressurs frå RVTS, snakkesimulator, snakkemedbarn.no

- Tilrettelegge for øving på den den vanskelige barnesamtalen, samt sikre at gode verktøy/rutiner benyttes

Kva blir gjort?

Einingar kjenner til og bruker ressurs frå RVTS, snakkesimulator, snakkemedbarn.no

Rettleiar for nærvær og fråvær i barnehage og skule har ein eigen “verktøy-bank”

- Sikre at skolene i større grad jobber systematisk med oppfølging og evaluering av tiltak

Kva blir gjort?

Ny BTI-rigg, revitalisering av BTI-arbeidet og stafettlogg sikrar i større grad at skulane og barnehagane jobbar systematisk med tidleg innsats, og sikrar i større grad oppfølging og evaluering av tiltak.

- Vurderer hvorvidt det skal utarbeides samarbeidsavtaler mellom skole/barnehage og viktige støtteinstanser

- Sikre at rutiner for samarbeid blir tatt i bruk – i det vurdere revitalisering av BTI modellen

Kva blir gjort?

Ny BTI-rigg og revitalisering av BTI-arbeidet er forankra på kommunalsjef-nivå, med ei samla koordineringsgruppe frå staben til oppvekst og helse. Det er etablert faste

kontaktpersonar frå apparatet av støttetenestar inn mot barnehagane og skulane i kommunen. Støttetenestar som kan bli aktuelle og samarbeida med i nokre enkeltsaker blir etter avtale invitert med i BTI-team.

Tiltak som er gjort som kan vera med på å styrka samhandlinga mellom ulike einingar/tenester i kommunen:

Fagdagen kring teieplikt og samhandling som vart arrangert av Koordinerande eining 22. Mai

"Me bryr oss konferansen – ein BTI-konferanse" som vert arrangert årleg for skule, barnehage og tenestene som jobbar i laget rundt barnet

BTI-forum

BTI -sonemøter (som no vert endra til BTI-team på kvar eining)

Opplæring i ny Stafettlogg (Visma)

Ny BTI-rigg/revitalisering av BTI-arbeidet

Med helsing

Svein Carlos Nilsen Gjil
Kommunalsjef Oppvekst

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Tore Bastlien Dahl

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.06.25	14/25
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	216	

TINGING AV NYTT REVISJONSPROSJEKT – NÆRINGSUTVIKLING

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Næringsutvikling» i samsvar prosjektmandatet dagsett 23.05.25 (med dei endringane som kjem fram i møtet.)

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 350 timar.

Vedlegg: «Næringsutvikling» - prosjektmandat av 23.05.25

Bakgrunn:

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen jamleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 08.05.25, sak 9/25:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Næringsutvikling» til neste møte.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som er vedlagt saka.

Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

Prosjektet skal vurdere hvordan Suldal kommune balanserer hensynet til industrivekst opp mot krav til miljø og naturmangfold i forbindelse med etablering av ny industri.

Problemstillingar:

- *Hvordan balanserer kommunens byggesaksbehandling ifm. næringsutvikling hensynet til industrivekst opp mot krav til miljø og naturmangfold?*

Prosjektleiing og ressursbruk

Prosjektleiing vil vera senior forvaltningsrevisor Linn Christin Bakken og Kristine Hernes vil vera kvalitetssikrar.

Rogaland revisjon legger opp til å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet innanfor en ramme på 350 timar. I ramma ligger prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering.

Budsjettet for forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar er på 400 timar i 2025. Utvalet har i bestilling rapporten om «Kompetanse i skole og barnehage» som er på 250 timar. Dette prosjektet vil bli levert i løpet av hausten 2025.

Revisor opplyser at de kan starte opp med det nye prosjektet hausten 2025 og levere rapport i løpet av våren 2026. Revisjonen må tilpasse timeforbruket etter vedtekne budsjett.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslegne problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet.

Aksdal, 28.05.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Næringsutvikling

Suldal kommune, 2025

BAKGRUNN

Suldal kommune forbereder seg på en industrisatsing som kan gi store muligheter for vekst, ifølge kommunens årsmelding for 2024. Satsingen inkluderer utviding av Mibau Stema AS. Det innebærer også utvikling av et næringsområde på Berakvam og oppgradering av kraftverket på Nesflaten. Målet er å øke den lokale verdiskapingen og sikre økt bosetting og folkevekst. For å lykkes med denne utviklingen, er det behov for omfattende planarbeid. Det kreves også et sterkt politisk og administrativt lederskap.

Årsmeldingen peker imidlertid på at industri- og kraftutbyggingen også vil medfører negative lokale konsekvenser, som økte klimautslipp og redusert naturmangfold. Kommunedirektøren anbefaler derfor å fokusere på å implementere nye, kraftfulle tiltak for å redusere lokale utslipp, og understreker at dette blir en stor felles utfordring.

OPPDRAGET

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalget i Suldal kommune bestilte 08.05.2025 et prosjektmandat til en forvaltningsrevisjon om næringsutvikling.	<u>Problemstillinger:</u> Hvordan balanserer kommunens byggesaksbehandling ifm. næringsutvikling hensynet til industrivekst opp mot krav til miljø og naturmangfold?
<u>Formål:</u> Prosjektet skal vurdere hvordan Suldal kommune balanserer hensynet til industrivekst opp mot krav til miljø og naturmangfold i forbindelse med etablering av ny industri.	

Dersom datamaterialet tilsier det, kan revisor foreta mindre justeringer av problemstillingene underveis. Større endringer i problemstillingene må avklares med kontrollutvalget.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er elementer som inneholder krav eller forventninger, og vil bli brukt til å vurdere funn i de undersøkelser som gjennomføres. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området. I dette prosjektet legges følgende kilder til grunn for utvikling av revisjonskriterier:

- Plan- og bygningsloven
- Kommuneplan for Suldal kommune
- Budsjett- og økonomiplan
- Årsmelding
- Andre relevante planer

METODE

Metodisk vil vi gjennomgå kommunens planer for næringsutvikling i kommunen, samt relevante politiske saker. Det vil være naturlig at gjennomgangen vår tar utgangspunkt i problemstillinger knyttet til næringsområdet på Berakvam. Dette området har vært gjenstand for flere prosesser over mange år og har et omfattende sakskompleks. Vi er også kjent med at det er knyttet betydelige konflikter til lokale konsekvenser som økte klimautslipp og redusert naturmangfold.

Det vil bli gjennomført intervjuer med nøkkelpersoner i kommunen, og det kan være aktuelt å intervju enkelte politikere som arbeider med næringsutvikling.

Et mer detaljert metodisk design vil bli utarbeidet i forbindelse med oppstart av prosjektet. I den forbindelse vil det etter behov bli gjort nødvendige avklaringer og avgrensninger med administrasjonen.

FREMDRIFTSPLAN

- *Oppstart* – høsten 2025
- *Leveranse* – våren 2026

Framdriftsplanen forutsetter et tett samarbeid med kommunen og andre aktuelle.

PROSJEKTTEAM

Prosjektleder: Linn Christin Bakken, Senior forvaltningsrevisor

Prosjektmedarbeider: Amalie Botnevik, Forvaltningsrevisor

Ved behov kan også andre ressurser i Rogaland Revisjon bli brukt.

Prosjektet vil bli kvalitetssikret og gjennomført under ledelse av oppdragsansvarlig og leder for forvaltningsrevisjon Kristine Hernes.

OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 350 timer. Det kan være vanskelig å estimere nødvendige ressurser i gjennomganger som involverer komplekse saker med høyt konfliktnivå. Derfor er det satt av en romslig timeramme.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.06.25	15/25
Saksansvarleg	Arkivkode	
Sjur Hatlen	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 10 – 14 til orientering.

- 10. Statusrapport pr. juni 2025
- 11. Tertialrapport pr. 30.04.25 frå Rogaland Revisjon
- 12. Representantskapsmøte 19.06.25 – IKA Rogaland IKS
- 13. Representantskapsmøte 20.05.25 – Krisesenter Vest IKS
- 14. Invitasjon til dagskonferanse i Sandnes 14.10.25

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 28.05.25

Sjur Hatlen
Rådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet - statusoversyn juni 2025

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Næringsutvikling	05.06.25	350 timar	Prosjektet er bestilt	Våren 2026	
Kompetanse i skole og barnehage	21.11.24	250 timar	Prosjektet er bestilt	Hausten 2025	
IVAR IKS	16.11.23	25 timar	Prosjektet er bestilt	Hausten 2025	Samarbeidsprosjekt
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Førebygging og tidleg innsats	09.02.23	25.04.24	19.06.24	05.06.25	

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
ROV og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	16.11.23	13.06.24/ 26.09.24	30.10.24		
Styring og kontroll med investeringsprosjekt	24.02.22	10.11.22	28.03.23	16.11.23/ 18.12.23	
Undersøking av RSK-fondet	28.04.22	15.09.22	02.11.22	07.09.23	
Kritisk kompetanse	11.02.21	04.11.21	14.12.21	15.09.22/ 02.11.22	
Psykisk helsehjelp	17.09.20	11.02.21	23.03.21	04.11.21/ 14.12.21/ 10.11.22	Munnleg 2. gong oppf. 10.11.22

Orienteringar

25.04.24	<i>økonomi og organisasjon v/kommunalsjef Torbjørn Guggedal</i>
13.06.24	
26.09.24	
21.11.24	<i>administrasjonen v/kommunedirektør</i>
13.02.25	<i>helse og velferd v/kommunalsjef Grethe Jæger Angelvik</i>
08.05.25	<i>økonomiavd. v/økonomisjef</i>
05.06.25	oppvekst v/kommunalsjef
18.09.25	<i>personal- og organisasjonssjef</i>
13.11.25	<i>IKT-avdelinga</i>

SULDAL KOMMUNE

Perioderapportering 30.04.2025



	Måned												Tot.	
Kunde	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	timer	Tot. sum eks mva
Regnskapsrevisjon	30	10	86	53									179	214 200
Bekreftelse/attestasjoner	9	9	16	6									40	48 300
Kontrollutvalg		2											2	1 800
Rådgivning	0,5												1	600
Forvaltningsrevisjon	6	10	29	6									50	60 000
Total sum	45	30	132	64	0	0	0	0	0	0	0	0	271	324 900

SULDAL	Forvaltningsrevisjon	Regnskapsrevisjon	Attestasjon	Kontrollutvalg	Rådgivning	TOTALT	SUM
B 2023	400	250	190	50		890	987 900
R 2023	284	431	88	28	38	868	963 758
B 2024	400	250	190	50		890	1 036 850
R 2024	161	408	168	21	12	770	897 050
B 2025	400	250	190	50		890	1 068 000
R 2025	50	179	40	2	1	271	324 900

Budsjett 2026:

Budsjett fra tidligere år er videreført. Timeprisen økes med kr 40 og kr 45,- for 2026 slik at timepris blir kr 1 240,- + mva for kommuner og kr 1 320,- + mva for andre.

Forbruk 1. tertial 2025:

I regnskapsrevisjonen er resterende del av interim, årsoppgjør og forenklet etterlevelseskontroll 2024 gjennomført. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for 2 terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. tilskudd til ressurskrevende brukere, spillemidler, og telling av PUH.

Av forvaltningsrevisjon er *Kompetanse i skole og barnehage* under arbeid. Det er bestilt et mandat knyttet til *Næringsutvikling*.



IKAs eiere og representantskap

Vår ref.
25/340-2/033/

Deres ref.

Dato:
22.5.25

Innkalling til representantskapsmøte 19. juni 2025

Representantskapet ved Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS kalles med dette inn til møte torsdag 19. juni kl. 12:00 på Arkivenes Hus.

Møtet gjennomføres på Teams. [Bli med i møtet nå](#)

Saksliste	
01/25	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
02/25	Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen
03/25	Årsregnskap og revisjonsrapport 2024
04/25	Årsmelding 2024
05/25	Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029
06/25	IKA strategi 2025-28
07/25	Styrehonorar
08/25	Orienteringssaker
09/25	Eventuelt

Eventuelle saker som ønskes behandlet må være tilsendt administrasjonen innen 5. juni.

Vennligst gi beskjed snarest mulig om deltakelse på møtet, dersom dette ikke allerede er gjort. Vi gjør oppmerksom på at det kun er valgte representanter eller valgte vararepresentanter som har stemmerett.

Med hilsen

Ole Johan Vierdal
Representantskapets leder

Maria Juul
Daglig leder

Vedlegg.



Representantskapet i Kriesesenter Vest IKS

Dato: Tirsdag 20.05.2025, 12:00 - 14:30 (CEST)
 Sted: Tysvær Rådhus
 Behandlingsmåte: Fysisk møte

Protokoll fra Representantskapsmøte 1

Møtets formål:

Representantskapsmøte KRISESENTER VEST IKS

Deltatt:

Kjell Magnar Mellesdal, Styrets leder
 André Mundal Haukås, Ekstern
 Egil Våge, Ekstern
 Inger Elin Nesheim, Ekstern
 Kari Vaage Gjuvslund, Ekstern
 Marit Jensen Måkestad, Ekstern

Mette Heidi Bergsvåg, Ekstern
 Monika Lindanger, Ekstern
 Nathalie Håkonsen (SV), Ekstern
 Ole Johan Vierdal, Ekstern
 Unni Seim, Ekstern
 Wenche Tislevoll, Ekstern

Forfall:

Martha Brandvik, Administrasjon
 Gunnhild Hauge, Ekstern
 Håvard Handeland, Ekstern
 Marte Eide Klovning, Ekstern

Nils Konrad Bua, Ekstern
 Synnøve Bakke, Ekstern
 Torbjørn Indrebø, Ekstern

Eksterne:

Eva Herskedal Irgens, vara - *Stord*
 Gunn Margot Bendiksen, vara - *Haugesund*

Tove Grimsby, vara - *Utsira*

Sak 1 - Åpning av møtet og fortegnelse over deltakere

Beslutning:

✎ Representantskapet er vedtaksdyktig, antall fullmakter ble registrert. Antall deltakere var uendret igjennom møte.

Sak 2 - Valg av møteleder

Beslutning:

✎ Representantskapet velger André Mundal Haukås som møteleder for representantskapsmøte

Sak 3 - Valg av referent og to representanter til signering av protokoll

Beslutning:

✎ Representantskapet velger daglig leder Britt Helen Aasbø som protokollfører. Egil Våge (Bokn) og Kari Vaage Gjuvslund (Suldal) velges til å signere protokoll

Sak 4 - Godkjenning av innkalling og dagsorden

Beslutning:

 Representantskapet godkjenner innkallingen og dagsorden.

Sak 5 - Godkjenning av årsregnskapet og årsmelding

Beslutning:

 Representantskapet godkjenner årsregnskapet og årsmelding

Sak 6 - Selskapsavtale og samarbeidsavtale

Beslutning:

 Utkast til revidert selskapsavtale og samarbeidsavtale er sendt til juridisk vurdering hos Samfunnsbedriftene og vil bli satt opp som ny sak på neste representantskapsmøte

Sak 7 - Nytt krisesenterbygg

Styret orienterer om prosessen.

Styreleder orienterer om prosessen så langt i nytt bygg. For å sikre at alle kostnadselementer var inkludert, ble det i 2023 gjennomført en ny kvalitetssikring der ByggAnalyse sin totale sum ble 177 mill kroner. Dette inkluderte alle kostnader som ikke var med i den opprinnelige kalkylen. Høsten 2024 ble dette framlagt eierkommunene som tilbakemeldte at pga stram kommuneøkonomi var det utfordrende å fremme prosjektet slik det sto. Videre at mangel på statlige tilskudd skaper finansieringsutfordringer. Kommunedirektørene ba om ytterligere reduksjon. Areal (675 m²) ble redusert og deriblant ble tilbudet til rus/psykiatri og overgangsløp tatt ut. Tysvær kommune har vurdert at senteret kan bygges innenfor en totalromme 121 millioner kroner inkl. mva. Dette er lavere enn tidligere kalkyler, men krever tett samarbeid med arkitekt for å sikre at bygget oppfyller nødvendige krav.

Den foreslåtte statlige tilskuddsordningen, tilsvarende Husbankens investeringstilskudd, ble ikke vedtatt i statsbudsjettet. I stedet er det bevilget kun totalt 20 millioner kroner til ordningen for 2025 til renovering, tilpasning og utskifting av uegnede krisesenterlokaler. Tilskuddet dekker opptil 50 % av kommunens kostnader, og kun kommunen der krisesenteret er lokalisert kan søke. Kommunedirektørene har bedt Tysvær kommune utarbeide en politisk sak knyttet til prosjekteringsmidler som behandles i første møterekke i kommunestyrene over sommeren. Det skal gjøres et politisk trykk sentralt av ordførerne for å jobbe for å få krisesenter innlemmet i Husbanken sine investeringstilskudd. Det har i 2025 har vært jobbet ytterligere med reduksjon av areal for å få ned kostnadsbilde

Beslutning:



Representantskapet tar orienteringen om framdrift fra styret til etterretning.

Det skal gjøres et politisk trykk sentralt for å få krisesenterbygg innlemmet i ordning om investeringstilskudd i Husbanken. Ordførerne i Tysvær, Sveio, Utsira og Bømlo tar saken videre

Sak 8 - Valg av styremedlemmer til styret**Beslutning:** **Representantskapet vedtar valgkomiteen sin innstilling**

Det nye styret for 2025-2026:

Kjell Magnar Mellesdal, styreleiar	Bømlo, Kommunalsjef Helse (på valg 2026)
Helga Lien, styremedlem	Karmøy, Økonomirådgivar (på valg i 2027)
Nina Iren Nesheim, styremedlem	Ullensvang, Avd.leiar Rus og psykisk helse (på valg 2027)
Bjarte Stølås Storli, jurist	Sveio, jurist og politisk sekretær (På valg i 2026)
Constanse Leth Iversen, 2 år	2 år Sosionom, BUP – Helse Fonna (på valg 2026) i 2026)

Vararepresentantar

Lene Gjuvsland Skjelnes	2 år	Rådgivar omsorg, helse og sosial (på valg 2026)
Synnøve Lundberg	2 år	Helsesjef (på valg 2026)
Sigurd Gjerdevik, kommune. (på valg 2027)	2 år	kommunalsjef helse og omsorg i Vindafjord

Sak 9 - Fastsetting av godtgjørelse til styrets medlemmer**Beslutning:** **Representantskapet vedtar valgkomiteen sin innstilling**

Det nye honoraret for styret blir:

Styreleder: 25 000,- + 25 000,- som er eit tillegg for meirbelastning som kjem i forbindelse med prosess for nybygg.

Nestleder: 15 000,-

Styremedlemmer 2500,- pr møte dei møte på.

Sak 10 - Valg av valgkomité

Beslutninger:

-  Eksisterende valgkomite fortsetter
 -  Eksisterende valgkomite velges for et år.
-

Sak 11 - Gjennomføring av representantskapsmøte

Beslutning:

-  Representantskapsmøte som har til hensikt å behandle budsjett og økonomiplan 2026 gjennomføres digitalt
-

Signering

*Signert av Egil Våge
26.05.2025, 14:15 CEST med Engangskode på SMS*

Egil Våge
Ekstern

*Signert av Kari Vaage Gjuvsland
26.05.2025, 13:04 CEST med Engangskode på SMS*

Kari Vaage Gjuvsland
Ekstern

Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland

14. oktober 2025 kl 10.00 – 15.00

Quality Hotel Residence, Sandnes

Program for dagen

Åpning av konferansen kl.10.00

ROBEK – register om betinget godkjenning og kontroll

- Kristine Enger, fagdirektør samfunnsavdelingen hos Statsforvalteren i Rogaland

Forventningsgapet mellom innbyggere og tjenestene kommunen skal levere

- Andreas Vollsund, ordfører i Time kommune
- Liza Øverdal, kommunedirektør i Sokndal kommune

Lunsj kl 12.15 – 13.00

En risikobasert tilnærming til beredskap, teori eller pragmatikk?

- Thomas Hebo, beredskapsleder Sandes kommune.

Hva betyr stortingsvalget for Rogaland og Norge?

- Harald Birkevold, politisk redaktør Stavanger Aftenblad.

Takk for i dag og vel hjem ca kl 15.00